



STORTINGET

Innst. 202 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 40 S (2025–2026)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Pensjonar frå statskassa

Til Stortinget

Innledning

Etter Grunnlova § 75 bokstav i kan Stortinget mellom anna innvilge pensjonar frå statskassa.

I proposisjonen her blir det lagt fram ei liste over pensjonar som departementet mellombels har innvilga i 2025, og som ein ber om Stortingets endelege godkjenning av.

I 2025 blei det utbetalt 16 418 197 kroner i pensjon av statskassa. I statsbudsjettet for 2026 er det løyvt 18 000 000 kroner på kap. 611 Pensjonar frå statskassa.

Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ei særordning som gir Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen bygjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift.

Proposisjonen gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Dei lokalt tilsette er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider. Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale trygde- og forsikringsordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg, eller at tilhøve i tenestelandet kan føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett til. I ein slik situa-

sjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa på vegner av vedkomande.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetalte månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalningar er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Komiteens behandling

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Per Vidar Kjølmoen, Morten Sandanger, Agnes Nærland Viljugrein og Elise Waagen, fra Fremskrittspartiet, Alf Erik Andersen, Bjørnar Laabak, Morten Wold og Sebastian Saltrø Ytrevik, fra Høyre, Amalie Gunnufsen og Anna Molberg, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Marian Hussein, og fra Rødt, Marie Sneve Martinussen, viser til Prop. 40 S (2025–2026) Pensjonar frå statskassa, som gjelder lokalt ansatte ved norske utenriksstasjoner ikke har, eller ikke er sikret, de ytelsene de har krav på ved alderdom, uførhet eller tap av forsørger gjennom lokale ordninger. Komiteen

viser til sine merknader i forbindelse med tidligere behandlinger av tilsvarende proposisjon og understreker igjen viktigheten av at lokalt ansatte ivaretas på en god måte, og uttrykker tilfredshet med at det ble gjort

et arbeid for å sikre dette, noe komiteen også har bemerket i tidligere innstillinger. Komiteen viser for øvrig til regjeringens forslag til vedtak om pensjoner fra statskassen og slutter seg til dette.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

om pensjonar frå statskassa

Opplysningar om søker		Pensjon			
Nr.	Kjønn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>					
1.	mann	58 år	13.03.2025	1 234	01.03.2023
2.	mann	60 år	13.03.2025	923	01.12.2026
3.	mann	60 år	04.07.2025	3 783	01.05.2025
4.	mann	60 år	04.07.2025	7 444	01.01.2028
5.	mann	65 år	20.11.2025	3 710	01.10.2023
6.	mann	62 år	21.11.2025	5 061	01.08.2026
7.	mann	65 år	21.11.2025	9 362	01.01.2024
8.	kvinne	60 år	01.12.2025	2 140	01.10.2025
9.	mann	62 år	09.12.2025	595	01.05.2026
10.	kvinne	60 år	19.12.2025	786	01.07.2025 Etterlatnepensjon
11.	kvinne	60 år	19.12.2025	2 321	01.07.2026
12.	mann	84 år	19.12.2025	2 206	01.09.2025 Etterlatnepensjon
13.	kvinne	60 år	23.12.2025	2 426	01.07.2026

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 9. april 2026

Marian Hussein

leder og saksordfører